



13.10.2020

Til:

Johanna Nessa, foreldrerepresentant i SMU/SU og leiar i FAU  
Maren Koch, foreldrerepresentant i SMU/SU (Maren Koch går ut f.o.m. møtet i desember)  
Guri Eikeland, foreldrerepresentant i SMU  
Adrian Kavli, elevrepresentant i SMU/SU  
Anne Rørtveit, elevrepresentant i SMU/SU  
Sofija Karamane, elevrepresentant i SMU  
Bjørg Wiig Nærland, lærarrepresentant i SMU/SU  
Tor Magne Moen, lærarrepresentant i SMU/SU  
Joanna Mowinska, representant for andre tilsette i SMU/SU  
Jan Terje Vignes, representant frå kommunen i SMU/SU

## **Referat frå møte i SMU og SU ved Finnøy sentralskule**

Møtetidspunkt: Tysdag 13. oktober kl. 09.00

Møtestad: Konferanserommet Finnøy sentralskule

Forfall: Guri Eikeland

### **Skulemiljøutval (SMU)**

#### **Sak 1 20/21 Godkjenning av referat**

**Vedtak:** Møtereferat blei godkjent

#### **Sak 2 20/21 Godkjenning møteinnkalling og sakliste**

**Vedtak:** Møteinnkalling og sakliste blei godkjent

#### **Sak 3 20/21 Konstituering**

**Vedtak:** Johanna Nessa blei valt til leiar og Maren Koch blei valt til nestleiar

#### **Sak 4 20/21 Høyringsforslag til reglement for orden og åtferd i grunnskulane i Stavanger**

Kommunedirektøren har sendt ut oppdatert reglement for orden og åtferd i grunnskulane i Stavanger. Alle grunnskular skal ha eit reglement for orden og åtferd.



### Finnøy sentralskule

Eit reglement for orden og åtferd skal fremje eit godt og trygt skulemiljø. Det skal gi enkle og klare skulereglar som er lette for elevane og foreldra å forstå. Samstundes skal reglementet gjere det klart korleis skulen kan, og ikkje kan reagera, om ein elev bryt reglane. Skulen kan ikkje bruke reaksjonar og sanksjonar som ikkje er fastsett i reglementet.

Verdiane som skulen skal arbeide etter, er uttrykt i føremålsparagrafen i opplæringslova og i overordna del av læreplanen. Opplæringa i skulen skal mellom anna «opne dører mot verda og framtida». Skulen skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Elevane skal ha medansvar og rett til medverknad. Desse verdiane skal ligge til grunn for alt arbeid i skulen.

I ny vurderingsforskrift står det at vurdering i orden og åtferd skal «fremje sosial læring».

FAU har sendt inn sitt høyringsforslag.

**Vedtak:** Støtte punkt 1 og 2 frå foreldreutvalet.

### **Sak 5 20/21 Plan for godt læringsmiljø**

Plan for godt læringsmiljø blei presentert

### **Sak 6 20/21 Informasjon/saker frå:**

- Elevråda: Kantine. Arbeidar for å løyse kantinedrift i koronatida
- FAU: Det kan vera vanskeleg å finna fram på heimesida. det er denne heimesida me kjem til å ha. Alle skulane i Stavanger kommune har denne type heimesida. SMU tenkjer at foreldra kan få opplæring på foreldremøte og bli “tvinga” til å bruka den slik at dei blir kjent med sida.
- Rektor

### **Samarbeidsutval (SU)**

#### **Sak 1 20/21 Godkjenning av referat**

**Vedtak:** Møtereferat blei godkjent

#### **Sak 2 20/21 Godkjenning møteinnkalling og sakliste**

**Vedtak:** Møteinnkalling og sakliste blei godkjent

#### **Sak 3 20/21 Konstituering (sjå sak 2 SMU)**

**vedtak:** Johanna Nessa blei valt til leiar og Maren Koch blei valt til nestleiar

#### **Sak 4 20/21 Høyringsforslag til reglement for orden og åtferd i grunnskulane i**



Finnøy sentralskule

## Stavanger

**Forslag til vedtak:** SU seier seg einig i vedtaket frå SMU

### **Sak 5 20/21 Årshjul for heim- skule samarbeid**

Sjå vedlagt årshjul for heim-skule samarbeid. I årshjulet vil ein finna forslag til møtedatoar og tema/saker

Innspel:

1. 1. klasse møte.  
Tema: Forventningar og rolleavklaring
2. Feil i oversikten over foreldrerepresentantar

**Vedtak:** Årshjul for heim-skule samarbeidet blir vedtatt med dei innspela som kom inn

### **Sak 6 20/21 Budsjett og rekneskap**

I overgangen til Nye Stavanger har ein fått ny berekningsmodell for resursar til skulen. Dette har ført til store kutt både i skule og SFO for Finnøy sentralskule.

Skulen har gjort organisatoriske endringar denne hausten slik at ein har klart å gjera nokre innsparinga denne hausten. Endringane 2020 vil berre gje innsparingar for 5 månader (hausthalvåret), men på årsbasis vil det utgjera 2-3 millionar. I tillegg har skulen fått refusjonar for ulike tiltak.

For 2020 låg ein ann til eit overforbruk på om lag 11 millionar, dette er nå noko redusert, men me er ikkje i hamn. Tildelingsmodellen er under revidering, det er derfor usikkert på korleis budsjettet vil bli for 2021.

**Vedtak:** SU tek saka til orientering

### **Sak 7 20/21 Informasjon/saker frå:**

- Elevråda
- FAU
- Rektor

Ingen saker

Med vennleg helsing

Bente Tjelta  
rektor



STAVANGER KOMMUNE

Finnøy sentralskule